

Sakshandsamar:

Torbjørn Hasund
E-post: torbjorn.hasund@sfj.no
Tlf.: 93004685
Ida-Beate Mølmesdal - klima
Anne-Lene Norman - folkehelse
Sissel Lillebø Aarseth - allmennkultur
Susan Solbrå - vassmiljø
Marianne Bugge - tettstadutvikling
Anne Silje Sylvarnes - næring

Høyanger kommune
August Gunnarskogsgt. 1
6993 HØYANGER

Vår ref.

Sak nr.: 17/7545-7
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 22.03.2019

Høyanger - kommuneplanen sin samfunnsdel

Vi viser til oversending dagsett 20.02.2019.

Gjeldande samfunnsdel for Høyanger vart vedteken i januar 2013. I kommunal planstrategi for Høyanger frå 2016 vart det vedteke å revidere kommuneplanen, oppstart med samfunnsdelen i 2016 og arealdelen i 2019. Fylkeskommunen sendte skriftleg innspel til planprogrammet for samfunnsdelen i november 2017. Planprogram for samfunnsdelen vart vedteke av kommunestyret i Høyanger i mars 2018.

Dette er ei administrativ fråsegn til planutkastet. Høyring av utkast til samfunnsdelen vert òg handsama politisk. Saksframstillinga til fylkesutvalet er ei kortfatta samanstilling av den administrative fråsegna og med innstilling til vedtak. Den administrative fråsegna er lagt ved den politiske saka. Dette er gjort for å kunne legge fram eit meir kortfatta dokument til politisk handsaming, medan høyringssvaret til kommunen er meir utfyllande og har ein meir rettleiande funksjon.

GENERELT

Vi har ikkje merknader til kapittel 1 med unntak av at vi ønskjer at fleire av våre regionale planar vert nemnt som føringar for planarbeidet. I tillegg til regional planstrategi bør og dei regionale planane for verdiskaping (2014, revidert 2018), folkehelse (2015), vassforvaltning (2016), klimaomstilling (2018) og kultur (2019) nemnast. I tillegg også fylkeskommunal strategi for tettstadutvikling og senterstruktur. Alle planane og strategiane finn de [her](#).

Handlingsdel

Etter det vi kan sjå er det ikkje knytt handlingsdel til samfunnsdelen. Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel, jf. plan og bygningslova § 11-1, 4. ledd. Dersom samfunnsdelen til kommuneplanen fullt ut skal vere relevant for vidare planlegging bør den vise kva konkrete handlingar som er tenkt for å følgje opp oppsette mål og strategiar. Ein handlingsdel, med tydeleg definerte oppgåver og ansvar for oppfølging, er viktig for å sikre gjennomføringa. Handlingsdelen legg føringar for prioritering av ressursar innanfor dei økonomiske rammene til kommunen, og gjer det enklare å forstå prioriteringane og dei konkrete føringane.

Klima og miljø

Oversikta over tilgjengeleg statistikk på klimagassutslepp på kommunenivå viser at industrien i kommunen står for store deler av klimagassutsleppa. Dette går under kvotepliktig sektor, og er ein sektor kommunen ikkje har stort handlingsrom til å påverke. Utsleppskutta vi som nasjon har forplikta oss til gjennom Paris-avtalen og eigne nasjonale lover og planar, gjeld ikkje-kvotepliktig sektor. Kommunen kan jobbe for å klimaomstille heile kommunen, men har berre muligheit til å

påverke deler av utsleppa. Difor oppmodar vi dykk til å fokusere på dei utsleppa kommunen kan påverke, både direkte og indirekte utslepp.

Kommunal planstrategi frå 2016 løftar fram utsleppsreduksjon og klimatilpassing som ein av fem sentrale satsingsområde, og den tematikken blir tatt med vidare inn i samfunnsdelen. Planstrategien peika på eit behov for revidering av kommunedelplan for energi og klima i 2017. Sidan dette arbeidet ikkje er ferdig, er det naudsynt å sikre eit fokus på klimautfordringane gjennom samfunnsdelen.

Plan- og bygningslova skal fremje berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Dette kan vere eit paradoks, då nokre av avgjerslene som er dei beste for framtidige generasjonar kan oppfattast som mindre fordelaktige for den enkelte innbyggjar i dag. Men, som del av kommunen sitt samfunnsansvar må ein også ivareta framtidige generasjonar i planlegginga. Knytt til klimautfordringane vert dette spesielt viktig, då det er den framtidige generasjonen som vil sjå dei største konsekvensane av innsatsen vi legg i dag.

Under kapittel 3 Visjon og verdiar meiner vi omgrepet «berekraftig», eventuelt «klimavenleg» burde vere med som verdi i den blå boksen, jf. dei mål som er sett i kapittel 5.3 Miljø og klima.

KAPITTEL 5 SATSINGSOMRÅDE OG STRATEGIAR:

5.1 Sysselsetting og etablering

Folketalsvekst er viktig for Høyanger. Planen legg særleg vekt på at det er meir enn arbeidsplassar som er viktig for å auke folketallet, samtidig blir behovet for å skape fleire lokale arbeidsplassar trekt fram. Det er bra at næringsutvikling blir trekt fram, og at ein legg vekt på behovet for å realisere «det grønne skiftet» i næringsutviklinga. Vi saknar likevel eit større fokus på næringsutvikling og verdiskaping.

I utgreiinga er det presentert fleire satsingsområde med mål og strategiar. Strategiane er generelle, og vi saknar her ei konkretisering på tiltak: korleis ein skal satse på dei ulike måla, korleis ein tenkjer oppnå dette og kva type prosjekt/næringar kommunen skal løyve midlar til og støtte opp under.

5.2 Leve og oppvekstvilkår

I utkastet til samfunnsdelen er levekår og livskvalitet (folkehelse) handsama på ein god måte. Sentrale moment som sosial utjamning, inkludering, trivsel og deltaking er løfta fram. Det er tydelege signal på kva tiltak kommunen vil sette i verk for å stette desse sentrale områda.

Det er også positivt at dokumentet viser til helse og omsorg i eige punkt (kap. 2.3.1). Dette sikrar at levekår og folkehelse ikkje vert forveksla med tradisjonelle helsespørsmål. I dokumentet står at uansett helsetilstand (somatisk eller mental) vil ein sikre best moglege levekår og livskvalitet for innbyggjarane.

Det står ikkje noko om kvar tala som er brukt i utfordringsdelen er henta frå, men det kan vere at det er Ungdata som er nytta. Fylkeshelseundersøkinga er venta i april/mai i år. Begge desse undersøkingane kan vere relevante datakjelder, eller stolpar, som kommunane kan byggje folkehelseoversiktsdokumentet og samfunnsplanen på når det gjeld levekår og livskvalitet.

FNs berekraftsmål handlar og om levekår og livskvalitet. I samfunnsdelen ser dei fleste av desse berekraftsmåla ut til å ha blitt handsama på ein god måte.

Det er sju bibliotekavdelingar i Høyanger, hovudbibliotek og 6 filialar. Bibliotek er såleis ein ikkje ubetydeleg del av kulturtilbodet i kommunen, og bør nemnast i lag med kulturskular og andre kulturtilbod, til dømes under punktet: «Etablere og utvikle uformelle sosiale møteplassar, spesielt for born og unge». Her er bibliotek særleg relevant.

Vi tek og med eit punkt her som høyrer til under kapittel 5.4 om attraktive tettstader (s. 15: «Det er vidare viktig å utvikle attraktive sentrum med eit tilfredsstillande tenestetilbod, og som kan fungere som sosiale møteplass.»). Også her kan folkebiblioteket spele ei rolle og bør nemnast.

Vi meiner det i dette kapittelet kunne vore sagt noko om kunst og kultur som kraft i samfunnsutviklinga i Høyanger, og vi vil vise til Gunnar S. Gundersen galleriet og industrihistoria som identitetsskapar for samfunnet også i dag.

Kommunen peikar på ein aukande del «friske» eldre som kan bu heime. Det er difor viktig å ha fokus på førebyggjande tiltak i bygdene, for å førebygge skader, sjukdom og medisinerer som kunne vore unngått med m.a. jamleg fysisk aktivitet.

5.3 Miljø og klima

Om mål nr.2 om at kommunen skal redusere forbruket og utslepp lokalt. Det er positivt at ein inkluderer forbruket i målet, men dei fleste utslepp knytt til kommunen og innbyggjarane sitt forbruk skjer ikkje lokalt, men på staden der vara/produktet er produsert, pluss utslepp knytt til å frakte produktet til butikken eller forbrukaren i kommunen. Difor er det viktig at kommunen fokuserer på å redusere både dei direkte klimagassutsleppa i kommunen, men også dei indirekte utsleppa som de er ansvarlege for utanfor kommunen. Dette er ei meir heilskapleg tilnærming til klimagassutslepp for kommunen.

Strategien som går på utslepp kunne omtalt løysingane som «nullutsleppsløysingar for transport» (gå, sykle, lade / fylleinfrastruktur, samordna areal, bustad og transportplanlegging m.m.).

5.4 Attraktive tettstader

[Regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur](#) (2018). I strategien er attraktive sentrumsområde trekt fram som ein viktig faktor for å tiltrekke seg og halde på arbeidskraft og innbyggjarar. Det er naturleg at kommunen i samfunnsdelen drøftar utviklinga av sentrum og tettstadane i kommunen. Drøftinga i samfunnsdelen kring sentrumsområda bør bli følgt opp gjennom arealdelen, og eventuelt områderegeringsplanar for sentrumsområda. Sentrale tema i drøftingar om sentrums- og tettstadutvikling kan vera korleis ein legg til rette for «kvardagslivet» i sentrum. Flest moglege funksjonar lokalisert på eit avgrensa gang-/sykkelbart område kan vera ei rettesnor. Arbeidsplassar, eit variert bustadtilbod (for folk i ulike livsfasar), skular, barnehagar, handel og servicefunksjonar bør i størst moglege grad lokaliserast innafor eit sentrum av ein tettstad. Dersom «kvardagslivet» flyttar ut og vert meir bilbasert vil det redusera folkelivet, og med det attraktiviteten til tettstaden.

Vi oppmodar kommunen til at ein som del av samfunnsdelen vedtek føringar for korleis sentrumsutviklinga skal følgast opp gjennom arealdelen og ev. områdeplanar. Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter (2017) skal sikre at ny handelsverksemd vert lokalisert innanfor, eller i tilknytning til eksisterande by - og tettstadsentra, med god tilgjenge for gåande og syklande og med god kollektivdekning. I tråd med regional planføresegn skal kommunen avgrense og definere sentrumsområde/-a i kommuneplan. Her bør ein ta utgangspunkt i Statlege planretningslinjer for samordna bustad- areal- og transportplanlegging, der det er mål om å utvikle berekraftige tettstadar som legg til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremje helse, miljø og livskvalitet.

Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion (2015) viser korleis vi ynsker å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv, og fastset miljømål for alle elvar, bekker, innsjøar og kystvatn (vassførekomst). Tilstanden av alle vassførekomst i Høyanger og miljømåla deira er gjeven i databasen vann-nett (<https://vann-nett.no/portal/>).

Det generelle målet er å sikre at «god tilstand» er nådd og/eller halde ved like i alle vassførekomst, med mindre unntak er gjeve. God tilstand svarar til god økologisk og kjemisk tilstand jf. vassforskrifta. «God tilstand» sikrar gode levekår for vasslevande plantar og dyr og byggjer mangfald slik at vi menneske kan hauste frå naturen på berekraftig og trygt vis.

Ein del vassførekomstar i Høyanger er i risiko for å ikkje nå miljømåla. Punkt 2.4 av planframlegget omtalar påverknadar på vassdrag og fjordar i Høyanger, og nemner vassregulering, ureining frå nærings- og industriverksemd og utsepp frå avløpsanlegg. I målsettingane i punkt 5.3 (miljø og klima) er likevel mål for vatn og vassførekomstar ikkje framheva. Vi foreslår endringar i tabellen på side 14 for å sikre at kommuneplanen integrerer heilskapleg vern og berekraftig bruk av vatn i tråd med den regionale vassforvaltingsplanen (ny tekst streka under):

Mål:	Strategiar:
I Høyanger kommune skal innbyggjarar og tilreisande ha trygge, reine og miljøvennlege omgivningar.	<ul style="list-style-type: none"> • Det skal etablerast samarbeid med næringsliv, lag- og organisasjonar, samt enkeltpersonar for å løyse lokale miljøutfordringar. • Sakar som omhandlar ulovleg ureining/forsøpling skal prioriterast. • Arealplanlegging skal ta omsyn til venta klimaendringar. • <u>Ny arealbruk skal ikkje gjere tilstanden av vassførekomstar (elvar, bekker, innsjøar, kystvatn) verre. Der det er mogleg skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådd.</u>
Høyanger kommune skal redusere forbruk og utsepp lokalt (inkludert bidra til at ein oppnår nasjonale klimamål).	<ul style="list-style-type: none"> • Høyanger kommune skal auke talet miljøfyrtårnsertifiserte verksemdar i eigen organisasjon. • Kommunale reinseanlegg skal overhalde krav til reinsing, og det skal lagast plan for korleis fleire husstandar/abonnentar skal koplatt til offentleg vatn- og avlaupsnett. • Det skal leggast til rette for miljø-vennleg transport (gå, sykle, ladestasjonar, arealplanlegging, m.m.). • Ein skal redusere energibruk i kommunale bygg og anlegg. • <u>Høyanger kommune skal bidra til å nå miljømåla som er sett for elvar, bekker, innsjøar og kystvatn i den regionale vassforvaltingsplanen</u>

KAP 6. OVERORDNA AREALSTRATEGIAR

Strategiane som er ført opp vil gje viktige føringar for vidare arbeid med revisjon av arealdelen. Vi vil likevel oppmode kommunen om å vere meir konkrete på kva arealbehov kommunen har. Føringane bør konkretisere kva nye eller endra arealbehov ein har innanfor ulike samfunnsområde, til dømes om ein basert på samfunnsdelen ser nye eller endra behov for bustadareal, areal til næring, skule, samferdsle, eller andre føremål. Vidare bør ein legge føringar for kvar innanfor kommunen ein kan lokalisere ulike typar arealbruk.

I denne vurderinga bør ein sjå heilskapleg på utviklinga i kommunen, og vurdere korleis ny arealbruk bør lokaliserast for å bygge opp under målsettingane i samfunnsdelen. Aktuelle føringar kan til dømes vere knytt til at detaljhandel primært skal vere lokalisert i sentrumsområde og at bustader primært skal vere lokalisert innanfor definert sentrum eller tettstad, eller i nærleiken av andre knutepunkt. I tillegg kan ein definere kva andre føringar som skal gjelde for realisering av arealføremåla i arealdelen.

Med bakgrunn i overordna mål i regional plan for klimaomstilling, at vi «saman skal få til ei klimaomstilling av Sogn og Fjordane», så ynskjer vi å presisere at i møte med klimautfordringane må vi jobbe for ei samfunnsendring på vegen til eit nullutsleppssamfunn. Dette er meir enn å

klimatilpasse og energieffektivisere. Ein må jobbe aktivt for å redusere klimagassutsleppa frå fylket og kommunen, med eit minimumsmål å nå nasjonale mål.

Etablering av infrastruktur for nullutsleppskøyretøy i heile kommunen vert viktig, i tillegg til tilrettelegging for auka bruk av kollektiv, sykkel og gange. Framtidig arealplanlegging må vere berekraftig, og eit fokus på samfunnssikkerheit bør også inkludere eit fokus på ei berekraftig klimatilpassing. Tilpassingstiltak må ikkje bidra til eit auka utslepp.

Det er positivt at kommune vier klima- og miljøutfordringane så mykje plass i samfunnsdelen, og interessant å sjå korleis dette vert tatt med vidare i arealplanen og anna kommunal planlegging.

SAMARBEID

Fylkeskommunen ønskjer å vere ein samarbeidspart for kommunen i planarbeidet etter plan- og bygningsloven. Dei ulike fagavdelingane vil kunne ha tiltak og program som kan vere ei støtte i dette. Vi har og støtteordningar for tiltak innan nærings - og samfunnsutvikling som kan passe inn for fleire av strategiane i planen, jf. også attendemeldingane over til kapitlet om sysselsetting og etablering.

I kommunal planstrategi for Høyanger kommune 2016 – 2019 står det at det vert vurdert til at arbeidet med revisjon av arealdelen skal igangsetjast i 2019. Vi vil oppmode kommunen til å tidleg ta kontakt med oss for samarbeid. Fylkeskommunen er sekretariat for regionalt planforum, og vi har møtedag med to møter kvar månad med unntak av juli. For arealdelen oppmodar vi kommunane til å kome i planforum 2 gonger; i samband med oppstart og / eller høyring av planprogram, og før offentleg ettersyn av utkast til plan. Med digitale verkty som Skype og videokonferanse er det og mogleg med meir enkle arbeidsmøte.

Med helsing

Synnøve Stalheim
plansjef

Torbjørn Hasund
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:
Fylkesmannen i Vestland